## Sak nr 02-22 Godkjenning av avtalar mellom RSS og VØR.

Tilråding til vedtak:
Styret godkjenner avtalane 1 – 13 mellom RSS og VØR for 2021, slik dei ligg føre.

## Saksutgreiing:

*Innleiing og samandrag:*
Styret får årleg framlagt avtalane mellom det heileigde dotterselskapet RSS og VØR. VØR sin monopolaktivitet er regulert i lovverket, og krev transparens og forbod mot subsidiering av konkurranseutsett sektor. Like viktig er det andre vegen, der næringsinntekter ikkje vert brukt til å subsidiere gebyra. Dette må gjerast korrekt frå år til år. Regelverket dette er knytt til, er vegleiar frå kommunaldepartementet og Lov om offentlege anskaffelsar (LOA).

Vi har grundige gjennomgangar enkelte år, og så nyttar vi prising etter SSB sine prisindeksar mellom hovudgjennomgangane . I år nyttar vi SSB.

I løpet av året 2022 vert det elles ein del endringar i samarbeidet mellom RSS og VØR. Dei to selskapa skiljer enda meir lag av faglege og marknadsmessige årsaker.

1. Frå ca.1. april, kanskje før, tek RSS over innsamlinga frå næringslivet i eigen regi. Det gjeld papp, papir, restavfall og glas og metallavfall. Matavfallet og nokre behaldarar i utkantane vil VØR fortsatt hente. Dette vil gi eit omsetningstap for VØR i storleik 0,9 mill kr i 2022, samtidig går ei stilling over til RSS.
2. I juni flyttar VØR alle innsamla fraksjonar over til Melsgjerdet 3. Det er så langt lagt opp til at berre VØR skal nytte arelet på Melsgjerdet 3. Om RSS ynskjer å leige plass, må det settast nye leigeprisar. Det kjem ein attende til om det skulle vere aktuelt.
3. Miljøstasjonen i Torvmyrane skal igjennom ein mindre ombygging / omorgansiering i løpet av 2022. Dette er ein del av representantskapet sitt mål om å redusere interntransport av klimapolitiske grunnar, og for å gi betre plass for nye fraksjonar som skal sorterast ut. Konkret i første omgang trevirke til materialgjenvinning og hardplast.
   Det at vi går over frå internkasser 8 m3 til krokkasser 35 m3 gjer at logistikken vert forenkla, ved at fleire av fraksjonane då kan gå direkte frå miljøstasjonen til sluttmottakar utan å gå via RSS.
4. Når hall E i Torvmyrane, omlastingsstasjonen, vert tømd for dagens avfallstypar, vil det frigi plass til meir avfall under tak. RSS har signalisert at dei vil vente til lenger ut på våren med å bestemme seg for leige av meir areal og kva dei vil nytte det til. Arealet vil uansett verte brukt av VØR om, ikkje RSS vil ha det. Og kravet om at alt avfall skal under tak, er der for begge selskapa.

*Avtale 1: Behaldarutleige, henting og levering av restavfall, papp og papir, glasemballasje og matavfall.*

Styret har tidlegare sett krav om indeksregulering av prisane frå år til år, og det gir slik prisutvikling:

1. Behaldarleige: SSB Indeksen for varekjøp frå utlandet aukar med 0,6 % frå månad 12-2020 til månad 12-2021.
2. Hentinga av avfallet: SSB indeks Renovasjon, hushaldningsavfall med bom og ferjekostnader opp med kr 8,1 %.
3. Prisen til energigjenvinning: Opp med 106,- kr / tonnet på grunn av Co2 avgifta som no er innført, pluss auke i SSB indeks langtransport med 9,1 % ( inkl. bom og ferjekostnad) Samla auke. 13,25 %.

*Avtale 2. Maskiner og utstyr.*
Avtalen er knytt til leige av kvern og hjullastar hos VØR basert på timeteljar i maskinene. Vi foreslår prisauke etter SSB sin KPI på 5,3 %.

*Avtale 3. Leige av bygg og areal.*

RSS leiger kontorplass, lagerplass inne, uteareal og plass i sorteringshallar og lagerhallar. Dette arealet er oppmålt og skravert opp på kart, slik at RSS veit at dei har arealet fysisk tilgjengeleg.
Vi foreslår auka husleige i 2022 basert på SSB sin prisindeks for husleige som aukar med 1,5 %. ( frå indeks 109,4 M12/2020 til indeks 111 M12/2021.

Miljøstasjonen:
Tal for 2021 viser for første gang kor mykje avfall næringslivet leverar i miljøstasjonen. Tala varierar noko frå månad til månad, men snittet er 24,3 % med restavfall i 2021. Korleis situasjonen er for dei andre fraksjonane veit vi lite om. Vi trur dei er like.
VØR og RSS har vorte samde om ei løysing der VØR tar eit påslag for det avfallet som RSS sine kundar leverar i hallen, og fakturerar det månadsvis. Det er vanskeleg å sette pris på dette, så vi har blitt samde om ein marginalpris pr kg restavfall.

*Avtale 4. Farleg avfall*
Farleg avfall er ei lovpålagt oppgåve der VØR har mottaksplikt. VØR har eit påslag på det RSS leverar gjennom VØR som tidligare.

*Avtale 5. Leige av rekneskapsføring vekt med meir.*
Leige av rekneskapsføring, med meir. Dette er indeksregulert og følgjer SSB sin KPI. 5,3 %.

*Avtale 6. Leige av fiber, ASP, og kompensasjon for bruk av kopimaskin lisensar med meir.*
VØR har rammeavtalane med fiber, ASP, lisensar med meir.
Prispåslag på SSB sin KPI – IT tenester på 2,4 %.

Samtidig går kompensasjon for leige av kontormedarbeidar til postjournalføring ut. Behovet er tilnærma borte. Vi fakturerer heretter etter timeforbruk.

*Avtale 7. Levering av restavfall frå RSS til VØR*
Sjå avtale 1 punkt 3. Månadsrapport frå bilane som køyrer inn avfall er grunnlaget for fakturering.

*Avtale 8. Levering av EPS*
Går ut. Vartdal Plast hentar her kostnadsfritt.

*Avtale 9, 10 og 11. Levering av grovt restavfall frå VØR til RSS.*
Denne er no lagt om, slik at det går i Geminor sin avtale. VØR betalar for leige av maskin med førar i samband med kværning.
Frå andre halvår 2022 blir det å dra ut kassene frå miljøstasjonen, kværne innhaldet, vidaretransport til Melsgjerdet 3, der fraksjonen går saman med det innsamla restavfallet frå bilane.

For trevirke betalar vi for levering via RSS som før fram til vi har leveringsløysing med levering til materialgjenvinning. Vurdert til å vere andre halvår 2022. Levering til energigjenvinning, som blir ein liten fraksjon, må fortsatt gå via RSS.

*Avtale 12. Hageavfall*
Avtalen regulerar vilkåra for levering av hageavfall frå næring. Venta prisauke på transport i tråd med indeks. I tillegg stiger pris på maskinleige RSS og kværning.
Vi følgjer prisindeks SSB sin KPI med auke 5,3 %.

*Avtale 13. Vidarelevering av FA med plussverdiar.*
RSS leverar enkelte parti med FA med plussverdi til VØR, som er ferdig emballert og klar til vidaresending. Pris uendra.

Petter Bjørdal

Dagleg leiar

Indeksar frå SSB.
Avtalar mellom RSS og VØR - Unnateke off.l. § 13. andre ledd. Jfr § 2.andre ledd.

# Kostnadsindeks for lastebiltransport

Oppdatert: 17. januar 2022

Neste oppdatering: 20. april 2022

**Endring i totalindeksen for lastebiltransport (utan ferje og bom)**

3. kvartal 2021 - 4. kvartal 2021

**2,8** %

**Kostnadsindeks for lastebiltransport (1. kvartal 2016 = 100)**

| | Indeksnivå | Endring i prosent | |
|---|---|---|---|
| | | 3. kvartal 2021 - 4. kvartal 2021 | 4. kvartal 2020 - 4. kvartal 2021 |
| Utan bom- og ferjekostnader | | | |
| Alle transporttypar | 126,4 | 2,8 | 9,7 |
| Nærtransport | 123,8 | 1,9 | 8,1 |
| Regionaltransport | 127,0 | 2,5 | 9,2 |
| Langtransport | 127,0 | 2,9 | 9,8 |
| Tank- og bulktransport | 127,5 | 3,4 | 10,4 |
| Tømmertransport | 129,5 | 3,8 | 11,6 |
| Anleggstransport, korte strekninger | 127,0 | 3,0 | 10,5 |
| Renovasjon, hushaldsavfall | 123,9 | 2,9 | 8,2 |
| | | | |
| Med bom- og ferjekostnader | | | |
| Alle transporttypar | 126,9 | 2,7 | 9,3 |
| Nærtransport | 124,4 | 1,9 | 7,8 |
| Regionaltransport | 127,6 | 2,5 | 8,8 |
| Langtransport | 127,9 | 2,8 | 9,1 |
| Tank- og bulktransport | 127,9 | 3,3 | 10,0 |
| Tømmertransport | 129,8 | 3,7 | 11,3 |
| Anleggstransport, korte strekninger | 127,3 | 2,9 | 10,3 |

| | Indeksnivå | Endring i prosent | |
|---|---|---|---|
| | | 3. kvartal 2021 - 4. kvartal 2021 | 4. kvartal 2020 - 4. kvartal 2021 |
| Renovasjon, hushaldsavfall | 124,0 | 2,9 | 8,1 |

Last ned tabell som ...

Standardteikn i tabellar

**Kjelde**

Statistikkbanken kjeldetabell 12535

## Utvalde tabellar og figurar frå denne statistikken

**Tabell 1** **Kostnadsindeks for lastebiltransport utan bom, ferje og drivstoff (1. kvartal 2016 = 100)**

## Sjå alle tal frå denne statistikken

12535: Totalkostnadsindeksar for lastebiltransport

12538: Delkostnadsindeksar for lastebiltransport

→ Sjå fullstendig oversikt i Statistikkbanken (2)

## Om statistikken

Statistikken gir informasjon om utviklinga i kostnadane for ein lastebil hvert kvartal samanlikna med ein tidlegare periode. Det blir laga indeksseriar for sju ulike typar lastebilar fordelt på fem ulike kostnadsgrupper. Det blir utarbeida tre totalindeksar: 1) Med bom-, ferje- og drivstoffkostnader, 2) Utan bom- og ferjekostnader og med drivstoffkostnader og 3) Utan bom-, ferje- og drivstoffkostnader.

**Definisjonar**

**Administrative opplysningar**

**Bakgrunn**

**Produksjon**

# Produsentprisindekser for tjenester

Oppdatert: 26. november 2021

Neste oppdatering: 25. februar 2022

**Prisendring på IT-tjenester**
3. kvartal 2020 - 3. kvartal 2021

**2,4** %

**Produsentprisindekser for tjenester. 2010=100**

| | Prisindeks | Endring i prosent | |
|---|---|---|---|
| | 3. kvartal 2021 | 2. kvartal 2021 - 3. kvartal 2021 | 3. kvartal 2020 - 3. kvartal 2021 |
| Godstransport på vei | 126,7 | 1,3 | 2,1 |
| Lufttransport med passasjerer | 141,5 | -7,4 | 2,4 |
| Lagring | 112,2 | -1,1 | 1,2 |
| Post og distribusjonsvirksomhet | 108,4 | -0,3 | -8,4 |
| Telekommunikasjonstjenester | 93,0 | 3,2 | 3,4 |
| IT-tjenester | 126,3 | 0,6 | 2,4 |
| Juridisk tjenesteyting | 149,2 | 0,8 | 5,2 |
| Regnskap og revisjon | 140,0 | 1,0 | 2,4 |
| Bedriftsrådgivning | 128,5 | 0,8 | 5,9 |
| Arkitektvirksomhet | 131,2 | 1,1 | 2,6 |
| Byggeteknisk konsulentvirksomhet | 122,4 | -0,8 | 2,1 |
| Teknisk prøving og analyse | 116,3 | 0,2 | -0,5 |
| Annonse- og reklamevirksomhet | 126,0 | 0,1 | 2,8 |
| Arbeidskrafttjenester | 147,6 | -0,1 | 4,9 |

Det oppstod feil ved publiseringen av 2.kvartal 2021 for Produsentprisindekser for tjenester 27.august. Dette gjaldt næring 53 «Post og distribusjonsvirksomhet» og næring 53.1 «Landsdekkende posttjenester» og ble publisert i fellestabellen 09517 «Tjenesteprisindekser» og i tabell 08922 «Post- og distribusjonsvirksomhet». Feilen gjaldt kun 2. kvartal og ble rettet 31.august 2021.

## Statistikkbanken

# Konsumprisindeksen

### 11117: Konsumprisindeks for varer og tjenester, etter Leveringssektor, statistikkvariabel og måned

| | Konsumprisindeksen (2015=100) |
|---|---|
| | 2020M12 |
| Importerte varer | 111,2 |

Beholdernal

Til toppen

Statistikkbanken

# Konsumprisindeksen

## 11117: Konsumprisindeks for varer og tjenester, etter Leveringssektor, statistikkvariabel og måned

| | Konsumprisindeksen (2015=100) |
|---|---|
| | 2021M12 |
| Importerte varer | 111,9 |

Til toppen

Statistikkbanken

# Konsumprisindeksen

## 11117: Konsumprisindeks for varer og tjenester, etter Leveringssektor, statistikkvariabel og måned

| | Konsumprisindeksen (2015=100) |
|---|---|
| | 2021M12 |
| Husleie | 111,0 |

Statistikkbanken

# Konsumprisindeksen

## 11117: Konsumprisindeks for varer og tjenester, etter Leveringssektor, statistikkvariabel og måned

| | Konsumprisindeksen (2015=100) |
|---|---|
| | 2020M12 |
| Husleie | 109,4 |